

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag

Bruvoll, 06.06.22

v/ Atle Bruvoll Andersen

Trælandsvegen 24

5956 Hundvin

ALVER KOMMUNE

Landbruksavd. v/ Viltforvaltar.

SAK: SØKNAD OM FELLINGSLØYVER FOR HJORT 2022 OG UTTAK AV SKADEDYR.

A. Søknad om hjorteløyver for 2022:

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag (MHG) søker med dette om fellingsløyve for **185 hjort** i samband med hjortejakta i 2022.

Dette talet er i samsvar med det arealet (ca. 74500 daa) som medlemene i MHG disponerer, og det er litt høgare enn det som valdet har fått tildelt dei siste 3 åra.

Når det gjeld fordelinga mellom ulike klassar, ønskjer MHG at valdet får tildelt løyver i hht. denne fordelingsnøkkelen:

	%	Tildelte dyr:
Kalv:	35	65
Ung ho:	25	46
Eldre ho:	15	28
Ung hann:	15	28
Eldre hann:	10	19
Sum:	100	185

Denne fordelingsnøkkelen vil iflg. rapporten frå Faun (R-12-2022), gjera at bestanden vert redusert med minst 13 %.

Valdet vil ved tildelingsbrev til dei ulike jaktfelta, oppmoda felta til å ta ut hodyr, ungdyr og kalv. Dette vil også vera med å styrka delen av eldre dyr og hanndyr.

B. Skadedyrforvaltning i 2022:

MHG vil i 2022 ikkje søkja kommunen om å få disponera løyver for uttak av skadedyr. Laget vil derfor informera medlemene sine om at dersom dei vil søkja om uttak av skadedyr, må søknaden sendast til Alver Kommune.

Med venleg helsing

Atle Bruvoll Andersen

Leiar MHG

